

## Berekraftig hydrogenproduksjon

Norskekysten har naturgitte gode forhold til produksjon av hydrogen på ein berekraftig måte. Vi kan produsere hydrogen med vatn, vind eller solkraft. Desse energikjeldene er fornybare og reine. Produksjon av hydrogen med desse energiformene kan skje i område der ein forbruker drivstoffet til all form for transport og anna energiproduksjon.

Hydrogenproduksjon og distribusjon bør først og fremst settast i verk i kystområda. Produserer ein hydrogen i kystområda og i første omgang leverer til drift av hurtigbåt, ferje og andre kystfartøy vil ein få lønnsemd i produksjon og distribusjon av hydrogen. Når dette er på plass vil ein enkelt kunne levere hydrogen til all form for biltransport.

Hydrogenproduksjon har stor magasinkapasitet. Har ein overkapasitet av vatn, vind eller sol kan ein lagre hydrogen fram til det skal brukast.

Hydrogen kan vidare produsere straum. Produserer ein store mengder hydrogen i tidsrom ein ikkje har forbruk, kan ein via brenselcelle levere straum. På dette viset vert ein sjølvforsynt med fornybar rein energi.

Legg politikarane forholde til rette vil næringsliv, private og offentlege kunne bli sjølvforsynt med fornybar rein energi. Dette vil heile samfunnet tene på, i tillegg til at vi sparar miljøet for store, skadelege utslepp. Det vil vidare skape mange lokale, varige og trygge arbeidsplassar.

Politikarane kan sette krav til sjøtransport. Det første ein bør gjere er å forby store sterkt forureinande cruisebåtar i fjordane våre og særskilt i verdsarvfjordar. I sårbare område bør båttransport gå på hydrogen eller batteri. Dette vil igjen kunne skape grunnlag for lokalt næringsliv, gjennom å tilby transport med mindre lokaleigde båtar som går på hydrogen.

All oppdrett langs kysten kan driftast med hydrogen.

Det skal lønne seg å ikkje forureine. Hydrogen er det viktigaste verkemidlet ein har til å nå målet om forureiningsfri energiproduksjon.

Næringslivet må få incentiv til å sette av kapital til investeringar som legg til rette for bruk av fornybar energi.